



SAKSFRAMLEGG

| | |
|-------------------------------------|--------------------------|
| Sakshandsamar: Jan Erik Boge | Arkivkode: FE-033 |
| Arkivsaksnr: 20/730 | Løpenr: 21/1505 |
| Sakstype: Politisk sak | |

SAKSGANG

| Styre, utval, komité m.m. | Møtedato | Saksnr |
|---------------------------|------------|----------|
| Kommunestyret | 25.02.2021 | 018/2021 |

Talerett i kommunestyret for ungdomsrådet, eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne

25.02.2021 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Talerett ungdomsrådet - Framlegg til vedtak, foreslått av Knut Harald Frøland, Bygdalista Kommunestyret set pris på at ungdomsrådet engasjerer seg i politiske saker. I utgangspunktet er det mange moglegheiter for ungdomsrådet til å nå fram med sitt syn. Ein kan mellom anna uttale seg ved høyringar, ha innlegg i lokalavisa, ha direkte samtaler med parti og politikarar i kommunestyre. Er ein ungdomspolitikar kan ein ta tema opp direkte med eige parti. Ved å kontakta ordførar kan ungdomsrådet fremje forslag om å få tema dei brenn for på politisk dagsorden.

Som ei prøveordning med eit års varighet får ungdomsrådet talerett i kommunestyre. Talerett gjeld saker som omhandlar ungdom og maksimal taletid pr. sak er 5 minutt. Innlegg skal haldast i start av saka og før debatt opnar. Ordførar skal informerast om at talerett vil bli brukt og kva saker det gjeld før møtet startar. Når prøvetida er omme skal ordninga evaluerast.

Alternativt framlegg frå MDG, foreslått av Øyvind Strømmen, Miljøpartiet Dei GrøneBygdalista Ungdomsrådet, eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne får møte- og talerett i Samnanger kommunestyre, i dei sakene som kjem inn under dei enkelte råda sine arbeidsområde. Dersom råda ynskjer å nytta seg av møte- og taleretten skal dette avtalast med ordførar i forkant av møtet. Ungdomsrådet kan stilla med opp til to representantar, dei andre råda med opp til ein representant.

Representanten / representantane får sleppa til i møtet med eit førebudd innlegg per utval, med ei taletid på maksimum fem minutt før debatten i saka startar. Representantane får ikkje delta i sjølve debatten.

Tillegg til forslag, foreslått av Øyvind Strømmen, Miljøpartiet Dei GrøneBygdalista Dette vert bakt inn kommunestyret sitt reglement.

Handsaming:

Odførar Knut Harald Frøland (Bl) sette fram framlegg til vedtak.

Monica Tjønnå (Sp) bad om gruppemøte. Gruppemøtet vart halde etter den innleiande debatten.

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram framlegg til vedtak.

Etter gruppemøtet orienterte Knut Harald Frøland om ei justering i framlegget sitt. Justeringa var at eitt-årig prøveordning med talerett i kommunestyret også skal gjelda for eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne, innanfor deira saksområde.

Øyvind Strømmen sette fram eit tillegg til det første framlegget sitt.

Det vart først røysta over Øyvind Strømmen sitt framlegg. Framlegget fall med 8 mot 13 røyster.

| Imot | For |
|------------------------------------|-----------------------------|
| Knut Harald Frøland (Bl) | Øyvind Strømmen (MDG) |
| Lena Tveit (Bl) | Oskar Røen (MDG) |
| Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl) | Shirin Kvernes Khadoor (Ap) |
| Knut Loneland Høibraaten (Bl) | Gunn Østvik Petersen (Ap) |
| Ove Totland (Bl) | Jon Magne Bøgevik (Ap) |
| Øyvind Steinsland (Bl) | Harald Bøge (Ap) |
| Solveig Vassenden (Bl) | Martin Haugen (Bl) |
| Linda Haug Kollbotn (Frp) | Arild Røen (H) |
| Odd Arne Haga (Frp) | |
| Karl Bård Kollbotn (Frp) | |
| Monica Tjønnå (Sp) | |
| Magnus Erdal (Sp) | |
| Gunn Totland Moss (KrF) | |

Det vart så røysta over Knut Harald Frøland sitt framlegg, som vart samrøystes vedteke.

KS- 018/2021 Vedtak:

Kommunestyret set pris på at ungdomsrådet engasjerer seg i politiske saker. I utgangspunktet er det mange moglegheiter for ungdomsrådet til å nå fram med sitt syn. Ein kan mellom anna uttale seg ved høyringar, ha innlegg i lokalavisa, ha direkte samtaler med parti og politikarar i kommunestyre. Er ein ungdomspolitikar kan ein ta tema opp direkte med eige parti. Ved å kontakta ordførar kan ungdomsrådet fremje forslag om å få tema dei brenn for på politisk dagsorden.

Som ei prøveordning med eit års varighet får ungdomsrådet, eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne talerett i kommunestyret. Talerett gjeld saker som omhandlar høvesvis ungdom (ungdomsrådet), eldre (eldrerådet) og personar med nedsett funksjonsevne (rådet for personar med nedsett funksjonsevne) og maksimal taletid pr. sak er 5 minutt. Innlegg skal haldast i starten av saka og før debatt opnar. Ordførar skal informerast om at talerett vil bli brukt og kva saker det gjeld før møtet startar. Når prøvetida er omme skal ordninga evaluerast.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

Dokument som er vedlagt:

Interpellasjon om talerett for ungdomsrådet, eldrerådet og rådet for personar med nedsett

funksjonsevne

Dokument som ikkje er vedlagt:

- Kommuneleva
(<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83>)
- Forskrift om medvirkningsordninger
(<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-06-17-727>)

Kva saka gjeld:

Kommunestyret handsama 03.12.2020 interpellasjon frå MDG om talerett i formannskapet og kommunestyret for ungdomsrådet, eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne. Kommunestyret gjorde til slutt følgjande vedtak:

«Saka vert utsett og kjem opp til ny handsaming i kommunestyret sitt første møte i 2021.»

Kommunestyret gjorde i møtet 03.12.2020 først eit anna vedtak i saka. Utsettjingsvedtaket vart gjort etter at saka vart opna igjen seinare i møtet. Årsaka til at saka vart opna igjen, var at i det første vedtaket kommunestyret gjorde vart det valt ein representant til ungdomsrådet (Martin Haugen) som er eldre enn 18 år. Det går fram av § 5-12 i kommunelova at medlemmer i ungdomsrådet på valtidspunktet ikkje skal ha fylt 19 år.

Framlegget som kommunestyret først vedtok i saka 03.12.2020, var som følgjer:

*«KS i Samnanger kommune ønsker ikke talerett for representanter fra ungdomsrådet, eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne
Eldrerådet har en representant i KS i Samnanger kommune og kan representere eldrerådet i saker som skal til behandling i utvalg/KS og har talerett i KS.
Rådet for personar med nedsett funksjonsevne har også en/flere representanter i utvalg/KS som kan fremme forslag fra denne gruppen til KS og har talerett i KS.
Når det gjelder talerett for representanter fra ungdomsrådet, så fremmer vi forslag om at Martin Haugen blir representant i ungdomsrådet med talerett i utvalg/KS.»*

Administrasjonen forstår det slik at det primært er spørsmålet om talerett for ungdomsrådet/val til ungdomsrådet som kommunestyret ønskjer utgreidd før saka vert handsama på nytt. Me har likevel valt å også ta med litt informasjon om talerett for eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne i saksutgreiinga.

Reglar om val av medlemmer til ungdomsrådet:

Kommuneleva § 5-12:

§ 5-12. Eldreråd, råd for personer med funksjonsnedsettelse og ungdomsråd eller annet medvirkningsorgan for ungdom

Kommunestyret og fylkestinget skal selv velge et eldreråd, et råd for personer med funksjonsnedsettelse og et ungdomsråd eller annet medvirkningsorgan for ungdom.

Flertallet av medlemmene i eldrerådet skal på valgtidspunktet ha fylt 60 år.

Ungdomsrådet eller annet medvirkningsorgan for ungdom skal ha en valgperiode på inntil to år. Medlemmene i ungdomsrådet eller annet medvirkningsorgan for ungdom skal på valgtidspunktet ikke ha fylt 19 år.

Rådene eller annet medvirkningsorgan for ungdom er rådgivende organer for kommunen eller fylkeskommunen og har rett til å uttale seg i saker som gjelder henholdsvis eldre, personer med funksjonsnedsettelse og ungdom.

Departementet gir forskrift om oppgaver, organisering og saksbehandling for rådene eller annet medvirkningsorgan for ungdom.

Utdrag frå vedtekter for Samnanger ungdomsråd:

3) Samansetting og val:

- Medlemmane i UR vert valde for 2 år. Kommunestyret fattar vedtak om samansetting i rådet.
- Perioden fylgjer skuleåret. Valet skal skje før sommarferien slik at Ungdomsrådet er operativ frå skulestart. Rådet vert konstituert i første møtet etter ferien.
- Informasjon om valet og korleis ein kan stemma skal distribuerast på best mulig måte til ungdom frå 8. trinn og opp til 18 år.
- Ungdomsrådet skal ha 6 medlemmar og 2 varamedlemmar.
- Elevrådet på ungdomsskulen får ansvar for å koma med forslag på 3 representantar og 1 vararepresentant. 3 representantar med 1 vararepresentant vert valde frå aldersgruppa 16-18 år av kommunestyret. Medlemmene i ungdomsrådet skal på valgtidspunktet ikke ha fylt 19 år.
- Medlemmane vel sjølv kven som skal vera leiar og nestleiar. Kulturkonsulent er sekretær.
- Sekretær har møte-, tale og forslagsrett.
- Ordførar har møterett.

Vedtektene for ungdomsrådet vart vedtekne av kommunestyret 12.05.2016 (sak 024/16).

Lovreglar om medverknad for ungdomsrådet, eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne

Det går fram av § 5-12 i kommunelova at ungdomsrådet er rådgjevande organ for kommunen, og har rett til å uttala seg i saker som gjeld ungdom. Tilsvarende regel gjeld for eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne innanfor saksområda deira.

I forskrift om medvirkningsordningar er det fastsett nærmare reglar om ungdomsrådet, eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne. I § 2 i forskrifta står det mellom anna følgjande:

Rådene har rett til å uttale seg i alle saker som gjelder henholdsvis eldre, personer med funksjonsnedsettelse og ungdom. Slike saker skal kommunestyret, fylkestinget eller andre folkevalgte organer forelegge for rådene.

Kommunestyret og fylkestinget skal etablere rutiner som sikrer at rådene mottar sakene på et så tidlig tidspunkt i saksbehandlingen, at uttalelsene fra rådene har mulighet til å påvirke utfallet av saken. Rådene kan også ta opp saker på eget initiativ. Uttalelsene skal følge saksdokumentene til det kommunale eller fylkeskommunale organet som avgjør saken endelig.

Kommunestyret og fylkestinget kan gi medlemmer av rådene møte- og talerett i folkevalgte organer.

Både eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne har i dag ein medlem som også er medlem i kommunestyret (Solveig Vassenden i eldrerådet og Monica Tjønnå i rådet for personar med nedsett funksjonsevne) . Gjennom dette kan det argumenterast for at begge desse råda allereie har talerett i kommunestyret. Ingen av medlemmene i desse to råda er i dag medlemmer i formannskapet, og råda har i dag ikkje talerett i formannskapet.

Ungdomsrådet har ingen medlemmer som også er medlem i kommunestyret eller formannskapet. Ungdomsrådet har i dag ikkje talerett i nokon av desse to organa.

Innmelde ønske frå dei aktuelle råda

Under kommunestyret si handsaming 03.12.2020 kom det ikkje fram informasjon som tyder på at eldrerådet eller rådet for personar med nedsett funksjonsevne ønskjer endringar i forhold til noverande ordning.

I kommunestyremøtet 30.04.2020 heldt dåverande leiar og nestleiar i ungdomsrådet ei orientering. Der orienterte dei mellom anna om at ungdomsrådet i nær framtid ville koma med eit framlegg om at ungdomsrådet får talerett i kommunestyret og formannskapet.

I protokoll frå møte i ungdomsrådet 09.06.2020 går det fram at det er eit ønske frå ungdomsrådet om at det skal vere ein representant frå kommunestyret på kvart ungdomsrådsmøte.

I protokoll frå møte i ungdomsrådet 20.10.2020 går det fram at ønske om talerett i kommunestyret vart teke opp under «Faste saker», og at dette truleg ville verta teke opp som sak i kommunestyret på nyåret.

Vurderingar og konsekvensar:

Som det går fram av § 2 i forskrift om medvirkningsordningar, kan kommunestyret gje medlemmer av både ungdomsrådet, eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne talerett i folkevalde organ. Folkevalde organ kan for eksempel vera kommunestyret eller formannskapet.

Slik administrasjonen forstår det, er det berre ungdomsrådet som har sett fram ønske om endringar i forhold til noverande ordning. Administrasjonen forstår det slik at ungdomsrådet sitt ønske om talerett i folkevald organ no berre gjeld for kommunestyret, jf. protokoll frå ungdomsrådsmøtet 20.10.2020.

Etter § 2 i forskrift om medvirkningsordningar kan kommunestyret gje **medlemmer** i ungdomsrådet møte- og talerett i folkevalde organ. Ingen i det noverande kommunestyret i Samnanger kan veljast som medlem i ungdomsrådet (på grunn av kravet om at ein ikkje skal ha fylt 19 år på valtidspunktet).

Dersom det skal innførast ordning med talerett i kommunestyret for ungdomsrådet etter reglane i § 2 i forskrift om medvirkningsordningar, kan ikkje denne taleretten leggjast til andre enn medlemmer i ungdomsrådet.

Kommunestyret kan velja å innføra ordning med at ein av kommunestyrepräsentantane skal delta på møta i ungdomsrådet (utan forslags- eller stemmerett), og uttala seg på vegner av ungdomsrådet i aktuelle saker i kommunestyret. Dette vil i så fall ikkje vera ei slik ordning som er beskriven i § 2 i forskrift om medvirkningsordningar, men ei alternativ ordning.

Moglege alternativ for auka påverknad for ungdomsrådet i kommunestyret kan for eksempel vera:

- Alternativ 1: Ein medlem i ungdomsrådet (for eksempel leiar/leiar sin stadfortredar) får møte- og talerett i kommunestyret i saker som gjeld ungdom.
- Alternativ 2: Kommunestyret peikar ut ein av kommunestyrepräsentantane til å delta på møta i ungdomsrådet, utan forslags- eller stemmerett. Denne representanten kan då uttala seg på vegner av ungdomsrådet i aktuelle saker i kommunestyret.

Alternativ 2 vil krevja at det vert gjort ei justering i vedtektene for ungdomsrådet.

Alternativ 1 vil truleg ikkje krevja endringar i kommunale reglement/vedtekter. I Samnanger sitt reglement for kommunestyret m.fl. er det i punkt 2.7 opna for at andre enn kommunestyremedlemmene kan delta i møte:

2.7 Rådmannen og andre – deltaking i møtet

Rådmannen er med i møtet. Han/ho har talerett, personleg eller ved ein av sine underordna, jf. [kommuneloven § 23 pkt. 3](#). Rådmannen syter for turvande sekretariatshjelp under møtet. Sekretær har talerett på det som vedkjem føring av møteprotokollen.

Andre kan, når særskilde lovføresegner gjev rett til det, delta på møtet med dei rettar og plikter som er fastlagt i det einskilde høve. Kommunestyret avgjer elles om andre enn dei som er nemnde ovanfor, kan ta del i møtet på same måte.

Saka vert lagt fram utan tilråding frå administrasjonen fordi den gjeld forholdet mellom folkevalde/kommunale organ.